

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/fylkesordfører Jenny Følling

Haugland 6.6.16

Uttale til framlegg om nedlegging av tannklinikken i Dale

UWC (Røde Kors Nordisk United World College) ser det som særst uheldig dersom tannlegekontoret i Dale blir nedlagt.

UWC har over 200 elevar frå om lag 90 ulike nasjonar i alderen 16-19 år og 50 tilsette frå om lag 15 ulike nasjonar. Alle desse er brukarar av tannklinikken i Dale og er avhengig av hjelp til transport. Dette gjeld både elevar og ein del av undervisningspersonale. Ein del av elevane har og utfordringar som gjer at dei nyttar klinikken noko meir enn det som er vanleg.

Det er fire viktige årsaker til at kontoret ikkje bør leggest ned:

1 - Kostnader og organisering

I og med at UWC er lokalisert i Flekke, 12 km frå Dale, er det behov for transport for å kome til tannklinikken. Det er ikkje offentleg transporttilbod ved UWC i dag, noko som betyr at skulen sjølv må organisere og kjøpe transporttenestar. Skulen har i dag eit årleg transportbudsjett på over 1,1 mill. I tillegg kjem kostnader skulen sjølv har til køyretøy og ressursar som tek seg av transport.

Auka avstandar vil gje auka kostnader. Kostnader vi ikkje ynskjer og som mellom anna vil gå utover mogleitene til å drive med utviklingsarbeid. Besøk til flykningmottaket for ungdom i Hyllestad og Førde Mottaksenter er døme på dette.

2 - Tap av undervisningstid

UWC har eit høgt aktivitetsnivå der elevane i tillegg til ordinær undervisning etter IB-programmet og deltek på aktivitetar i prorammet for kreativitet, aktivitet og service.

Auka reiseavstandar ved behov for tannhelsetenestar vil gje auka tap av undervisningstid. Dette gir utfordringar både for den einskilde elev, men og for lærarane som skal planlegge undervisninga. For den einskilde elev blir auke i tidsbruk til aktivitetar utover det ordinære programmet ei ekstrabelastning.

3 - Tap av omdømme - rekruttering av elevar og lærar

UWC har dei seinare åra opplevd at offentlege funksjonar har blitt sentralisert. Dette gjeld mellom anna politi (opphaldsløyve) og skatteetaten (skattekort og melding om flytting, søknad om d-nummer). Tidlegare fekk vi ordna alt dette i Dale, men må no enten til Førde og/eller Florø.

UWC si drift er avhengig av ein viss nærleik til sentrale funksjonar. Utvelging av elevar som kjem til UWC, skjer gjennom ein omfattande prosess i samarbeid med dei einskilde landa sine nasjonalkomitear. Rekruttering av lærarar skjer globalt. Ein del av desse har ikkje førarkort som er gyldige for bruk i Norge.

Informasjon om nye negative endringar i tilbodet skulen er avhengig av, påverkar omdømmet vårt og arbeidet med rekruttering av elevar og lærarar.

4- Andre merknader


UWC, Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS og UWC Connect, har dagleg over 500 personar (tilsette, elevar, leirskular, konferansegjester mv) på Haugland (unntak når elevane har fri frå skulen). Aktiviteten har auka og det er god grunn for at han vil auke i åra som kjem.

I tillegg til dette ser vi at tal innbyggjarar i Dale har auka med 1% årleg (på nivå med landsveksten) frå 2007 og fram til i dag (ref fylkesspegeleg). Vi finn det særleg merkeleg at ein ynskjer å legge ned tannklinikken i det einaste vekstområdet i HAFS.


UWC ber på det sterkaste om at tannklinikken i Dale ikkje blir nedlagt.

Dersom dette skulle bli ein realitet, ynskjer vi eit møte med Fylkeskommunen og Fjaler kommune for å drøfte tiltak som kan redusere dei negative verknadane for UWC.

Med helsing



Richard Lamont
Rektor



Tove Veierød
Styreleiar
-sign-